

**CD**

String Quartets. Haydn – Solberg - Grieg.

ARTIST: Engegårdkvartetten

PLATESELSKAP: Lindberg Lyd/2L

Lekkert debutalbum

Engegårdkvartetten blei til under midnattssola i Lofoten i 2006 og blei raskt svært etterspurd. Dei har vore å høyre både i Festspela i Bergen og på Oslo Kammermusikkfestival, og sjølv sagt måtte dei fire nå få seg eit musikalsk visittkort. Så her er debutalbumet, og når vi kan få både Griegs G-mollkvartett og ein av fader Haydns aller mest

løyrefallande – opus 76 nr 5 – på ein og same cd, har vi verkeleg gjort eit varp. Og så plussar altså muskarane på med Leif Solberg, organist og komponist i Lillehammer, sin seinromantiske kvartett i B-moll, aldri før spela inn på plate.

Arvid Engegård, også aktiv som dirigent, spelar førstefiolin, og med på laget har han Atle Sponberg, andrefiolin, britiske Juliet Jopling, bratsj, og svenske Jan-Erik Gustafsson, cello. Dei er alle finslipte instrumentalistar som her demonstrerer eit samspel i verdensklasse, kanskje aller best i tolkinga av Joseph Haydns vidunderlege D-dur-kvartett. Der den langsame satsen har undertonar av svært mørk, nesten romantisk karakter, mens den virtuose finalen boblar over av humor og musikalsk gjøgleri.

■ ■ TORE SKAUG